

Fotokunstnar

Svein Olav Humberset

Svein Olav Humberset er analog kunstfotograf og har drive firmaet Humbersetfoto sidan 2014. Han hadde si debututstilling under Dei nynorske festspela 2018, «Samtidsruinar», ei fotografisk tolking av festspeldiktar Marit Eikemo si essaysamling med same namn. Humberset er frå Volda, busett i Ørsta.



Gamlegymnaset



For kvart verk som vert selt
donerer kunstnarane

Kr. 200

til stiftinga Gamlegymnaset

Utstillinga er gjennomført med stønad frå:

- Norsk Forfattersentrums Medlemsfond
- Bergen kommune, kultur
- Norske Fagfotografers Fond

Du finn meg på kanten

Kunstutstilling

Fotokunstnar Svein Olav Humberset

Poet Fanny Holmin



Opning 1. desember 2018

Gamlegymnaset i Volda

Ein kan seie at fotografiet fangar motivet. Viss det er sant at fotografiet ynskjer å fange noko som helst. Kanskje fotografiet heller vil peike på. Vise fram. Eller er det noko anna fotografiet vil, som vi ikkje forstår? Som ei hand som strekker tanken ut mot noko framfor seg, prøver å stoppe det som er no. Stoppe tida som ein står i, for å ta henne med seg som ein liten pakke inn i framtida.

Den som skriv og den som ser, har ikkje direkte tilgang til tidsbilde, fotografi, utan gjennom si eiga tolking. Ein kan ikkje skrive om tida, tinga, naturen, utan å tolke. Tekstene utforskar likevel å vere observerande, dei ynskjer å seie fram og vise fram, som eit fotografi.

Medan fotografiet treng å bli lest. Fotografa inkluderer ikkje menneske, og gjennom det viser dei seg meir tidlause, eller tidsfylde. Når tekstene stiller seg opp ved sidan av fotografa, oppstår der ein samtale, ei kommentering, ei ny tolking.

Gjennom utforsking av temaet og fenomenet Tid i både tekst og bilde, utforskar vi det å eksistere med tankar og tilstandar i tida. For lesaren og sjåaren, startar ein ny tolkingsprosess når begge desse prosessane er presenterte som ein heilskap. Vi håpar utstillinga gir ei kjensle av at tida kan vere god, at tida er noko som er større og rommar meir enn det daglege strevet mot klokka. Det handlar om å la blikket bruke tid i dei konsentrerte tidstilstandane fotografa viser, og å lese tekster som tilsynelatande er enkle, men som med tida kan opne fleire djup i seg. Og denne reisa med tida inn i ein sjølv vil vere individuell, fordi alle ser og lyttar med bakgrunn i si eiga tidskjensle og historie.

Opningstider desember 2018

Laurdag 1. og søndag 2. desember - kl. 13-15

Laurdag 8. og søndag 9. desember - kl. 13-15

Laurdag 15. og søndag 16. desember - kl. 13-15

Romjula 2018

Som ei avslutning på utstillinga vil det 29. desember kl. 14.00 vere ein minikonert av jazzmusikar Mari Kvien Brunvoll her på Gamlegymnaset.



Opningstider elles i romjula:

28. desember - kl. 13-15

29. desember - kl. 13-15

Poet Fanny Holmin

Fanny Holmin er poet og scenekunstnar. Ho debuterte med diktsamlinga Song for to stemmer og ein lukka munn på Aschehoug forlag i 1997. Ho arbeidde i mange år i Bergen med eigne sceneproduksjonar i samarbeid med musikarar, videokunstnarar og dansarar.

Fanny Holmin er redaktør for tidsskriftet Kraftverk i Bergen kommune, Kunst, kultur og psykisk helse. Ho bur i Volda.

